

1 Gje oss ei språklov som bit frå seg!

2 Noreg er og har alltid vore eit fleirspråkleg land, men språkmangfaldet vårt er under press.
3 Difor meiner landsmøtet i Senterungdomen at Noreg treng ei god språklov som styrkjer
4 språka våre, og at brot på språklova må det få konsekvensar. Der held ikkje framlegget til
5 regjeringa mål. I Noreg har me eit stort språkmangfald, med dei norske skriftspråka nynorsk
6 og bokmål, dei samiske urfolksspråka, norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka
7 romani, romanes og kvensk. Denne rikdommen er under press frå engelsk, og mange av dei
8 mindre brukte språka er under press frå bokmål. Difor er det bra at det kjem ei samla norsk
9 språklov, som erstattar dagens mållov og ryddar opp i språklovgevinga.

11 Framlegget til ny språklov byggjer på stortingsmeldinga Mål og meining som den raudgrøne
12 regjeringa la fram. Difor det ikkje uventa at den innheld gode endringar og tiltak. Mellom
13 anna vert statusen til språka våre slått fast, at nynorsk skal få eit ekstra vern, Språkrådet sitt
14 mandat vert lovfesta og reglane om språkbruk i staten vert oppdatert til å passe til den
15 digitale samtida.

17 Den største veikskapen med dagens mållov og andre reglar for språk bruk i staten, er at dei
18 kan brytast utan konsekvensar. Medan dei som bryt språklovene i land som Finland og
19 Canada får dagbøter eller andre reaksjonar når dei diskriminerer brukarane av mindre
20 brukte språk, får statsorgan bryt mållova berre eit strengt brev frå Språkrådet. Det er ikkje
21 bra nok, og det er passivt av regjeringa å ikkje føreslå sanksjonar på brot på den nye
22 språklova.

24 Landsmøtet i Senterungdomen vil ta vare på språkmangfaldet. Det gjer me best om lovbrøt
25 fører til konsekvensar. Språklova må bite frå seg, og brot på språklova skal difor møte
26 sanksjonar.

28 Fråsegn frå Sogn og Fjordane Senterungdom